

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

SØNDRE GATE 10

[777] N-10607. (Tidlegare omtala: Adresseavisen 29.07. 1971).

Innskrifta står på eit 121 x 36 x 9 mm stort sidebein av storfe, avbrekt i eine enden. Det er runer på den konkave sida av beinet. Innskrifta tek til og sluttar i god avstand frå bae endar. Ho er 67 mm lang, og runene er i gjennomsnitt 35 mm høge. Funnet vart gjort i 1971, i feltet S-191 (Søndre gate, sør for Schjoldagerveita). Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. Innskrifta er klår og byr ikkje på problem med lesemåten på noko punkt. Den opne bogen på r. 3 (**u**) står eit lite stykke ned frå toppen av staven. Kvisten i r. 5 skjer så vidt over staven, men skil seg tydeleg frå r. 2 og må klårt oppfattast som **a**. R. 6 er punktert i nedre enden. R. 7 (**r**) har open boge, og kvisten på r. 8 (**t**) står eit stykke ned frå toppen av staven.

l † n † † † R † † †

i æ u y a s r t i n

Språkleg meining i denne sekvensen som startar med fem vokalteikn, synest det ikkje vera råd å finna. Det kan vera at det dreiar seg om ei eller anna form for løyndeskript eller ei gåte, og i så fall vil det gi god språkleg meining om ein les annakvar rune, altså r. 1, 3, 5 og 7 + r 2, 4, 6, 8, 9 og 10, slik at vi får sekvensane **iuar + æystin**. Det vil seia ei innskrift der to namn er "fletta" inn i kvarandre. Det er ei løysing student Turid Brox Nilsen, NTNU, har gjort framlegg om (2003) og dette kan godt vera rett her. Vi får i så fall mannsnamna *Ívarr* og *Eysteinn* presenterte i ei elles uvanleg form for løyndeskript.